

# Sakspapir

| Saksbehandler   | Arkiv          | ArkivsakID |
|-----------------|----------------|------------|
| Kjell Langeland | FA-V60, TI-&18 | 21/243     |

| Saksnr   | Utvalg        | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 041/2021 | Kommunestyret | PS   | 23.09.2021 |

## Vurdering av 0-konsesjonsforskrifta i Modalen kommune.

### Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram for politisk handsaming utan tilråding.

Kommunestyre vedtek å vidareføra 0-konsesjonforskrifta slik den ligg føre i dag.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Administrasjonen har hatt ein del hendvendingar ang. 0 konsesjons forskrifta for Modalen kommune, og ynskjer å leggja saka fram til politisk drøfting.

Med konsesjon meiner ein løyve til erverv av fast eigedom. Reglane om konsesjon står i konsesjonslova med tilhøyrande forskrift.

0 Konsesjon (lokalforskrift om konsesjonsplikt bebygd eigedom i Modalen kommune) vart innført 25.10.1991. ( og endra 31.08.2001)

Bakrunnen var at ein ville hindra at brukbare bustadhus berre vart nytta til fritidsbustad. Det betyr at dersom ein ynskjer å nytta eit bustadhus til fritidsbustad, må det søkjast om konsesjon.(gjeld ikkje for nær slekt.)

Endringa frå 1991 til 2001 er at konsesjonsfridom for eigedom inntil 20 dekar der det er bygd på, og eigedomen er eller har vore nytta som heilårsbustad, er sett ut av kraft. Unntaket er der eigaren forpliktar seg til at eigedomen vert nytta til heilårsbustad, og eigedommar der det er bygd fritidsbustader på.

### Vurdering

Landbruksdirektoratet har etter konsesjonslova § 7 mynde til å fastsetje, endre eller oppheva kommunale forskrifter om nedsatt konsesjonsgrense, etter søknad frå kommunen. Den enkelte kommune skal ha stor innverknad på spørsmål om det skal fastsetjast forskrift om nedsatt konsesjonsgrense, eller om forskrift skal endrast eller opphevast.

Dersom kommunen vil endra eller oppheva forskrifta må ein sjå nærmare på om forskrifta fungerer slik den skal.

Grunngjevinga kan vera at forskrifta ikkje er naudsynt for å hindra eigedom som bør nyttast til heilårsbustad vert nytta til fritidsføremål i heile eller deler av kommunen. Ei anna årsak er at kommunen ikkje lenger ynskjer å nytta 0 konsesjonsforskrifta som verkemiddel for å oppretthalda busetting på desse eigedomane. For eksempel kan eit ynskje om privat eigeråderett må gå føre hensyn til busetnad.

Modalen kommune har motteke ein søknad om fritak frå buplikt på ein eigedom som eigar ynskjer å selgja. Dersom det ikkje er buplikt på eigedommen vil det truleg vera lettare å selja og kanskje få ein betre pris. Kommunen kan ikkje handsama denne søknaden på noverande tidspunkt, då det ikkje er ein konkret søkjær til eigedomen. Det er ny eigar som må søkja om konsesjon dersom vilkåra for eigenerklæring ikkje er til stades. Modalen kommune har ikkje tidlegare handsama søknader om konsesjon på bustader som ein ynskjer å nytta som fritidsbustad. Men vi har fått fleire munnlege førespurnader om kva reglar som gjeld.

I rapportar ang. buplikt på bustadeigedommar er det ikkje funne bevist at buplikt fører til auka busetnad. Det kan vera vanskeleg å oppfylla buplikta pga. mangel på arbeid eller andre forhold. Buplikta kan virka prisdempande og kan føra til at færre eigedommar vert lyst ut for salg.

Kontroll i forhold til konsesjon skjer i praksis ved eigenerklæring om konsesjonsfridom. Handsaming av eigenerklæringer er tids- og ressurskrevjande for vidare oppfylging i kommunen.

På landsbasis er det no 42 kommunar som har 0 konsesjon. I 2001 var det 75 kommunar. I Vestland fylke er det berre Modalen som har 0 konsesjon.

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Dersom kommunen vel å oppheva forskrifta, må saka ut på høyring.

### **Kommunestyret - 041/2021**

#### **KS - behandling:**

Ordførar orienterte om bakgrunnen for saka.

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik og konsulent på teknisk Kjell Langeland svara på spørsmål.  
Ove Eidsnes fremma forslag om å prøverøyste over å utsetje saka. Prøverøytinga om utsetjing fekk 5 stemmer for og 6 stemmer mot utsetjing. Dei som røysta for utsetjing av saka var Ove Eidsnes, Kjetil Eikefet, Liv Anne Aanensen, Anne Britt Almelid og Roger Fure.  
Ordførar tok Håvard Engeseth sitt framlegg til vedtak opp til votering. 7 stemte for vedtaket og 4 stemte mot. Dei som røysta mot framlegget var Kjetil Eikefet, Ove Eidsnes, Anne Britt Almelid og Roger Fure

**KS - vedtak:**

Kommunestyre vedtek å vidareføra 0-kensesjonforskrifta slik den ligg føre i dag.

**Vedlegg:**

Politisk handsaming 1991 og 2001